**Ja til at mikrobryggeri og vinprodusentar får selje sine eigne varer**

I dag har ikkje mikrobryggeri og vinprodusentar lov til å selje anna enn varer med under 4,75% alkohol.

Sider og mjødprodusentar har lov til å selje sterkare produkt, opp til 22%. Eplebønder får lov å selje eigen sider, blant anna fordi den er produsert med epla dei har produsert på garden. Mikrobryggeri derimot, får ikkje lov å selja eige sterkøl produsert på lokalt korn. Det same gjeld dei som produserer vin laga på druer.

EØS-avtala står i vegen for at vinbønder får selja vin laga på druer frå eigen gard. Vin laga på bær derimot – det er heilt greitt. Hjå Norske druedyrkerar er det registrert 50 vingardar frå Mandal i sør til Foldereid i Midt-Norge.

Moglegheit til begrensa direktesal frå eigen produksjon er viktig for bransjen.

Senterungdomen meiner difor at:

- At det skal vere lov å selje eigeproduserte produkt.
- Mikrobryggeri skal få selje eigeprodusert øl også over 4,75%
- Norske vingardar skal få selje eigeprodusert vin opp til 22%